

Hamneplan 2020-2040

Revidert av styret i Florø hamn KF, 26.01.2023

Framtidsbilette:

Hamna i Florø skal vere ei drivkraft i utviklinga av kystregionen som vekstområde. Florø er eit viktig transportknutepunkt for sjø mellom Ålesund og Bergen, og innfallsporten til resten av regionen. Florø, som tyngdepunktet i regionen, er god til å utnytte sin strategiske nærleik til havet og alle dei mogleghetene som ligg der til verdiskaping innan maritime og marine næringar, olje- og gass, fornybarnæringa m.v. Florø og regionen tek ei aktiv rolle i det grønne skiftet, og hamna spelar ei viktig rolle i dette. God samhandling mellom offentlege og private aktørar gjer at Florø har eit godt tilbod for maritim aktivitet. At ein aktør gjer det godt, skapar aktivitet og positive ringverknadar for alle. Mangfaldet av servicetilbod, effektive logistikklysingar, berekraftige val, i tillegg til tilgjengeleg kaimeter og areal gjer Florø til eit godt val for alle som driv næringsverksemd til sjøs og i nærleiken til sjø. Florø og kysten er attraktive for reiselivet. Hamna har ei sentral rolle i byutvikling, samferdsle, miljø og næringsutvikling.

Nosituasjon:

Verksemd som er avhengig av nærleik til hamn skapar store ringverknadar for Florø, og er ein bærebjelke i Florø-samfunnet. Ringverknadane av slik verksemd (privat og offentleg) i Florø frå Gunhildvågen til Botnastranda utgjer 42% av den totale sysselsettinga i Kinn kommune sør for Bremanger (2018). Verksemd i Florø som er avhengig av ei velfungerande hamn sysselset direkte og indirekte 2 015 årsverk i Florø. Av dette er 1 183 årsverk direkte knyta til hamnerelatert verksemd. Næringsaktivitet direkte og indirekte tilknytt hamneaktivitet i Florø har ein total omsetning på 4,6 mrd. kr, der 3,6 mrd. kr er direkte tilknytt hamneverksemd. Hamneverksemd er viktig for Florø, men for at vi skal vere der vi ønskjer krev det systematisk arbeid og ein god plan, og ei tettare samhandling mellom offentleg og privat for at hamna i Florø skal vere det opplagte valet.

Om hamneplanen:

Formål:

Hamneplanen har 20 års horisont, men må reviderast jamleg (annakvart år), og dette er første revisjon. Årsrapporten til Florø hamn KF skal synleggjere status på hamneplanen kvart år. Planen erstattar hamneplanen frå 2006. Hamneplanen tek for seg hamneområdet rundt Florø by samt rolla til Florø hamn KF som offentleg hamneverksemd. Hamna sine aktivitetar, budsjett og framtidsplanar skal vere forankra i hamneplanen, men planen skal ikkje vere avgrensande.

Rammer:

Overordna ligg nasjonale, regionale og lokale lover og planverk; då særskilt kommuneplanens samfunnsdel (2020-2032) og kommunedelplan for Florø sentrum (2018-2022). I tillegg ligg vedtektene til Florø hamn KF, vedtatt av kommunestyret i Kinn. Hamneplanen vert utarbeida i ei tid med mange endringar, og har eit mål om å vere uavhengig av dette. Sjølv om kommunegrensar og hamnegrensar endrar seg, gjeld denne planen for det geografiske hamneområdet tilknytt Florø og nærliggande områder, og kan lett knytast opp mot andre planar i eit større geografisk område seinare.

Vegval:

Hamna si rolle i byutviklinga

Hamna har ei sentral rolle i byutviklinga der den historiske utviklinga er at byen voks fram rundt hamna, mens den tyngste industrien no er flytta vekk frå sentrumskjerna. Florø by skal ha eit levande hamnesentrum og på kaiene i sentrum skal det prioriterast turisme/gjestehamn, passasjertrafikk, veteranfarty, ventekai og mindre fartøytypar. Dette gjeld frå Fugleskjærkaia og indre hamnebasenget til Kringleskjæret. Byutvikling, med nye byggeprosjekt i sentrum, samt stor interesse for bruk av sentrumskaiane gjer at det er press på desse. Det må føreligge ein generalplan for prioritet av sentrumskaiane.

Florø sentrum skal ha ei sentral gjestehamn, for å leggje til rette for småbåtturisme og aktivitet i sentrum. Gjesteamna skal i tillegg bidra som "sentrumsparkering" for lokalbåtar frå det nærliggande distriktet som skal handle i sentrum. Gjesteamna skal driftast og opplevast av brukarane som ei av landets beste gjestehamner. Sjølv om det i dag er det offentlege hamneselskapet som eig og driv gjesteamna i dag, kan det like gjerne vere private aktørar eller ei sentrumsforeining som eig/driv denne om dette bidreg til å gjere Florø meir attraktiv som gjestehamn.

Området Hesteneset til Botnastranda, samt Gunhildvågen er prioritert hamneverksemd som krev større plass, lasting/lossing, utføring av service, lagar meir støy (lys/ lyd), biltrafikk til/frå m.m. Det er ofte eit ønskje frå alle aktørar om sentrumsnær plassering, men ingen av dei offentlege kaiene i Florø ligg lengre vekk frå sentrum/rådhuset enn 5 km og må difor reknast som sentrumsnære.

Ved bygging og forvaltning av kaier, bygg og anna infrastruktur skal den offentlege hamneverksemda vere bevisst si rolle i byutviklinga. Dette gjeld visuell utforming, støy, livsløpsyklus på vedlikehald og å legge til rette for ryddige og velhaldne areal. Då hamneaktivitet inneberer industri og næring i sentrumsnære område skal ein ha eit særskild fokus på å unngå forfall og unødig lagring.

Hamna som næringsutviklar

Hamna i Florø er ei variert hamn med passasjertrafikk, fiskeri, gods, container, forsyning, oppdrettsfarty, rigg, spesialfarty, ventehamn, servicehamn og opplag som fokusområde. Florø hamn er positiv til berekraftig turisme og særleg mindre cruise-farty.

Botnastranda er i politisk vedteken reguleringsplan kommunen sitt hovudekspansjonsområde for industri- og hamneføremål, og området er det primære satsingsområdet for samordna nærings- og hamneutbygging. Området skal ha ei blanding av offentleg og privat næringsverksemd, og utbygging for auka og meir effektiv godsaktivitet. Sunnfjord hamn fase 1 (kai G) vart bygd som 150m offentleg kai på Botnastranda for sikre vekst i regionen. Fase 2, som er forlenging av kaia austover til totalt 300 m, samt fase 3, som er bygging av 150 m kai samt 50 m roro-anlegg, skal realiserast når ein har marknad og finansiering tilstades.

Næringsområdet Gunhildvågen/Trolleskjæret har i dag ei brei etablering av marin næringsverksemd, hovudsakleg fiskerirelatert, og det er press på det eksisterande tilgjengelege arealet. Mykje av aktiviteten krev i tillegg utskipping med containerar. Ein simulortest utført i samarbeid med Kystverket si losteneste syner at den eksisterande offentlege kaia i Gunhildvågen vil vere lite eigna til slik bruk ved sør-sørvestlege vindar over 10 m/s. For utskipping av containere frå området må ein inkludere Måsholmen som næringsareal. Ved å etablere to djupvasskaier (ei sør-nord, ei aust-vest) ved Håskjæra heilt vest for Måsholmen kan ein oppnå god regularitet opp mot 20 m/s. Ved å ta i bruk Måsholmen til næring og knytte dette til det eksisterande næringsarealet vil det vere rom for at aktørane kan utvikle sin eigen drift og dermed også næringsbyen Florø. Då kan arealet nyttast til t.d. fiskeindustri, lager og naudsynt infrastruktur.

Kommunestyret i Kinn kommune vedtok i juni 2022 å omregulere området knytt til Måsholmen til næringsareal. Florø hamn skal saman med private aktørar jobbe vidare med å realisere ny godshamn med tilhøyrane næringsareal på området, der marknad og finansiering må vere på plass for realisering. I dag er området kjøpt av selskapet Måsholmen Utvikling AS, der Florø hamn eig 50% av selskapet. Selskapet si hovudmålsetning er å opparbeide eigendomen i sin heilhet, inkludert sjøareal vest og nord for eigendomen, samt infrastruktur som er naudsynt for å kunne anvende området til sitt tiltenkte formål. Området kan nyttast til etablering av næringsverksemd i form av mellom anna fiskeindustri, logistikk, inkludert lager og hamneverksemd, som skal auke den samla verdiskapinga i Gunhildvågenområdet. Det ferdig opparbeida området med tilhøyrande infrastruktur skal leigast eller seljast til aktørar som nyttar området til dette. Florø hamn skal drifte kaifront, med tilknytt område for handtering av gods, som offentlig kai.

Både Gunhildvågen og Botnastranda er viktige næringsareal knytt til hamnerelatert verksemd, med kvar sine særpreg og styrker, og må sjåast i samanheng. Per no fins det ingen gode løysingar for transport på veg mellom Gunhildvågen og Botnastranda - austover forbi sentrum av Florø, og den utfordringa kan ikkje Florø hamn KF løyse aleine. Her må ein kartlegge godstrafikken, vekstpotensialet og løysingar. Eit døme på dette er ei lokal feederrute i lokalområda som erstattar trailerkøyring på smale og rasfarlege vegar. Denne kan gå til både Gunhildvågen, Kalvåg og Svelgen. Ein kan også sjå på lekterløysing til sjøs, som på sikt kan bli autonom, eller bruk av elektriske førarhus på veg på tider av døgnet der det ikkje mykje aktivitet på vegen.

Arealplanane til Kinn kommune legg opp til at containertrafikken skal flyttast vekk frå Fugleskjærkaia og sentrum. Dette arbeidet er starta og skal vere fullført seinast april 2024. Florø hamn har full fokus på å få etablert godshamn på Måsholmen, men per d.d. er det berre Botnastranda kai G som er eit alternativ å flytte containertrafikken til. Fjord Base har leigd kai G sidan den var bygd, men denne avtalen er no avslutta og containertrafikken vert difor ruta dit inntil godshamna på Måsholmen er ferdig etablert. Det er naturleg at partane som vert påverka av flyttinga er tett involvert. Då særskild landsida med kaioperatør og vareeigarar, då det er på landsida påverknaden vert størst. Det er ikkje ønskjeleg med ei flytting midt i den travle haustsesongen, då det kan påverke Florø som logistikkknutepunkt negativt. Den fysiske flyttinga vil ta omsyn til dette.

Det indre hamnebassenget i Florø er utsatt for vêr og vind, dette inkluderer Fugleskjærkaia, bybassenget, kaiene i Hesteneset og Westcon sine aktivitetar. Ein ønskjer difor å bygge ei molo frå Langøya og ut til lykta som erstatta Florølykta (370 m). Denne løysinga gir Florø sentrum ei trygg og vindstille hamn, og ein kan nytte området bak moloa til opplag for mindre farty og legge til rette for småbåthamn på Rota. I arbeidet med ei slik etablering må ein ta omsyn til strøymingane i det indre bassenget.

Hesteneset er i sentrumsplanen prioritert til fiskerihamn. Her er det i dag etablert ei fiskerikai heilt aust med tilhøyrande lagerbygg. Ein ønskjer å utvide med offentleg kaifront vestover, samt utvikle bakarealet til eksisterande kai med fleire lagerbygg og tilrettelegging for servicetenester. I tillegg må det planleggast ei flytebrygge for plassering av sjarkar, arbeidsbåtar og mindre farty som kan knytast til lagerlokale på området. Dette sikrar ei sentral plassering, samtidig som ein frigjer Fugleskjærkaia og indre hamnebasseng for slikt bruk.

Hamna i Florø skal ha eit breitt servicetilbod både når det gjeld bunkring, vedlikehald og andre tenester. Det er primært næringslivet si oppgåve å drive slike tenester, med tilhøyrande infrastruktur. Den offentlege hamneverksemda skal vere ein drivar for mangfald av tenester, og at det er lett tilgjengeleg på dei offentlege kaiene.

Innafor hamneområdet skal det vere opplagsplassar. Eigna områder skal kartleggjast, då med særskild fokus på godt ankerfeste, skjerma område for vær og vind, og nærleik til kai for lett å utføre service og komme seg til flyplass og andre fasilitetar. På sikt vil ein prioritere god infrastruktur som pullertar, tilgjengeleg landstraumkopling og liknande.

Hamna spelar på lag med miljøet

Florø hamn skal ha eit tydeleg berekraftsperspektiv i all si verksemd og skal legge rette til for framtidens energiberarar. Dette gjeld både elektrisk, hydrogen og ammoniakk. Florø hamn skal i tillegg delta i lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk/program for å bidra med kunnskap og løysingar rundt dette temaet og miljøvenleg hamn generelt. Hovudprioritert er deltaking i framtidsette pilotprosjekt som kan ta ei nasjonal og internasjonal rolle. Florø hamn KF må samarbeide med lokalt, regionalt og nasjonalt næringsliv og offentleg sektor elles. Dette for å få til dei beste løysingane for Florø som hamneområde på dette feltet, då Florø hamn KF ikkje har økonomi og organisasjon til å løyse dette på eiga hand.

- Florø hamn skal ha særskild fokus på framtidig energiløysingar ved bygging av nye kaier, utvikling av areal og rehabilitering av eksisterande. Dette kan gjerast ved å legge til rette med gode kulvertløysingar, tilgjengeleg røyrgrater og trekkerør slik at det seinare kan installerast infrastruktur.
- Florø hamn skal ha eit særskild fokus på landstraum og utvikling av infrastruktur rundt dette, med Fugleskjærkaia, Botnastranda og Måsholmen som prioriterte områder. Utvikling av dette er kostnadskravjande og hamna må difor vere aktiv i å søke samarbeidspartnarar og midlar for å realisere stadig nye og større prosjekt. På sikt må det også leggast til rette for ladestraum. Det må i tillegg vere tett dialog med kommune og nettselskap for at nødvendig infrastruktur og kapasitet fram til kaiene er tilgjengeleg.
- Ved bunkring av drivstoff som kjem under storulykkesforskrifta (som hydrogen) skal det samarbeidast med næringslivet i Florø for å finne gode og trygge løysingar.
- Florø hamn KF skal som offentleg instans ha god informasjon lett tilgjengeleg som gjer det enkelt å velje miljøvenleg for dei som kjem til Florø sjøvegen.
- Florø hamn skal ha eit godt system for avfallshandtering, og ha eit offensivt fokus på å bidra i arbeidet mot plast og forsøpling i havet.
- I nye prosjekt skal ein omsynta naturmangfaldet.

Hamna i eit samferdsleperspektiv

Nasjonalt transportplan (NTP) 2022-2033 stadfestar at dei ulike transportmidlane sine fortrinn vert utnytta og meir gods vert overført frå veg til sjø og bane. Dette for å legge til rette for at alle transportmiddel vert meir effektive, sikre og miljøvenlege. Når det gjeld sjøtransport er prioriteten overføring av gods, investering i effektive og miljøvenlege hamner, og hamnesamarbeid.

Florø skal vere eit regionalt knutepunkt for transport og kommunikasjon på sjø, land og i lufta. I Florø by ligg hamn, flyplass og riksveg nær knyta saman i eit kompakt sentrum, og hamna er eit viktig knutepunkt mellom veg og sjø. Florø hamn skal vere eit sentralt og effektivt logistikknutepunkt for heile regionen. Dette inneber at transportaktivitet på sjø, i lufta og på veg skal vere godt samordna når det gjeld terminalar, infrastruktur og tenestetilbod.

Fugleskjærkaia er knutepunktet for reisande til og frå Florø, og innfallsporten til regionen frå sjøen. Her er det bygd ny kollektivterminal som inkluderer rutebåttrafikk lokalt og regionalt, kystrute (hurtigrute), buss, sykkelparkering og drosje. Her får den reisande ein saumlaus overgang mellom buss, båt og luftfart, og kollektivterminalen vil er unik for regionen på måten den kombinerer dei ulike kollektivalternativa. Det er avgjerande at dei ulike tilboda korresponderer med kvarandre. Riksveg 5 startar på same område, så det er lett å komme til og frå med bil og drosje, og flyplassen er berre 3 km unna. Det er årleg 300 000 reisande med buss og båt, og med så mange reisande på eit lite område er gode løysingar med den mjuke trafikanten i fokus prioritert.

Gode vegløyningar i Florø sentrum og innover i landet er viktig for hamneaktivitet i Florø. Rassikring, god standard på vegane og opne vegar heile døgnet skaper stabilitet og føreseielege vilkår for logistikkaktørane, og må vere på plass for å sikre gode vilkår for hamneverksemd.

Florø lufthamn, med flyruter og helikopterruter til Nordsjøen er avgjerande for å halde Florø på kartet som ein god base for mannskapsskifte, service og logistikk. Eit forutsigbart rutetilbod med konkurransedyktige prisar gjer at ein kan legge til rette for mannskapsbytte, servicetenester og andre viktige oppdrag. Når ein planlegg framtida til flyplassen i Florø må ein vurdere om ein skal legge betre til rette for å reise med privat og/eller offentleg båt til lufthamna.

Strategi Florø hamn KF - som offentleg hamneverksemd i Florø:

'Knutepunkt vest' – Florø hamn KF skal vere ei attraktiv, profesjonell og framtidsretta hamn med kompetente og løysningsorienterte medarbeidarar.

Hamna sine planar og aktivitetar skal vere tufta på omsyn til miljø, klima og berekraft. Når Noreg omstillar seg til fornybarsamfunnet, har Florø hamn og næringslivet i vår region alle føresetnader for å vere ein viktig arena, med eksisterande kompetanse, strategisk nærleik til havet, areal til industri m.v. Det skjer mykje viktig utviklingsarbeid som posisjonerer Florø i front nasjonalt og internasjonalt på fornybarfeltet. Florø hamn KF vil bidra til å forsterke dette framtidsretta arbeidet.

Verdiane er trygg, synleg og tett på.

Florø hamn skal særskild jobbe for gjennomføringa av fire av FN sine berekraftsmål:



Florø hamn KF sitt arbeide er delt opp i fire områder:

- Forretning: Effektiv og lønnsam infrastruktur
- Forvaltning: Synleg, enkel og tilgjengeleg.
- Berekraft: Miljø og samfunnsansvar
- HMS og medarbeidarskap: Sikkert arbeid, kompetente og engasjerte medarbeidarar.

Som offentleg hamneverksemd må Florø hamn KF skilje mellom rollene når dei utøver forvaltning og forretning. Som forvaltning skal hamna vere synleg, enkel og informativ. Som forretningsaktør skal hamna driva kommersielt, og prosjekta vi er involvert i skal på sikt skape overskot. Sjølv om dei offentlege hamnene framleis har eit samfunnsansvar, er retninga i hamne-Norge at dei offentlege hamnene vert meir kommersielle. Dette er det også lagt opp til lovverk og retningslinjer. Florø hamn KF skal difor vere ei kommersiell hamn, med lønnsame prosjekt og marknadsorienterte prisar, samstundes som hamna bidreg til at det er attraktivt å drive og etablere næringsverksemd i regionen.

Forretning:

Florø hamn KF skal vere ei drivkraft i utviklinga av kystregionen som vekstområde. Florø er eit viktig transportknutepunkt for sjø mellom Ålesund og Bergen, og innfallsporten til resten av regionen.

Det skal jobbast med nye forretningsområde for å skaffe inntekter til hamna, samt at hamna skal leggje til rette for etablering av nye aktørar som driv forretningsverksemd som krev/kan tene på nærleik til sjø.

Florø hamn KF vil søke samarbeid der det er naturleg i inn- og utland, herunder invitere til tettare samarbeid med hamneselskapa i regionen. Florø hamn KF skal delta i dei fora som dagens og morgondagens brukarar og vareeigarar er ein del av, både lokalt og nasjonalt. Det skal jobbast aktivt med å utvide hamna sitt areal for å leggje grunnlaget for auka kailengde og operasjonsareal i bakkant av eksisterande kaier. Slik utviding vil verte søkt realisert når det vil vere med å auke aktiviteten og inntening i hamna. Florø hamn KF arbeider og med å legge til rette for sal av areal som ligg utanfor hamna sitt satsingsområde.

God økonomistyring er essensielt for gjennomføring av planane til hamna. Det skal til ein kvar tid ligge føre analyser på drifta av hamna mtp forretning og samfunnsoppgåver. Dette inkluderer del av drifta som skapar overskot, del av drifta som driftast etter rein sjølvkost og del av drifta som vert subsidiert av andre aktivitetar (sponsing av kaiplass og liknande). Hovudaktiviteten skal ligge i drift som skapar overskot. Florø hamn får ikkje tilført midlar til drifta, og er avhengig av overskot for å setje av midlar til investeringar for å utvikle hamneinfrastrukturen. Primærinntektene til Florø hamn kjem frå hamnebrukarar, og Florø hamn har eit klart ansvar for at dette kjem brukarane til nytte

gjennom ein best mogleg teneste til rett pris. Desse inntektene er likevel ikkje nok til å gje tilstrekkeleg finansiell styrke til naudsynte investeringar, og ein vil vere avhengig av samarbeid med andre aktørar og offentlege støtteordningar for å løfte dei større prosjekta. Florø hamn har behov for betre tilgang til økonomistyringssystem, og betre avklart ansvarsdeling med den kommunale organisasjonen på dette området.

Forvaltning:

Florø hamn KF er kommunen sitt hamnefaglege organ for den delen av Kinn kommune som før kommunesamanslåinga var Flora kommune, og skal innafor dette geografiske verkeområdet ta hand om dei administrative og forvaltningsmessige oppgåvene som er lagt til kommunen etter hamne- og farvasslova, og føresegner gitt i medhald av lova. Forvaltningsarbeidet til Florø hamn KF inneberer å vere synleg, enkel og informativ . For å få til dette har hamna utarbeida ein kommunikasjonsstrategi og –plan som skal følgjast.

Florø hamn KF har som mål å vidareutvikle rolla som operatør for Alden hamneområde. Medlemskommunane har evaluert forma på samarbeidet, og det pågår i 2023 endring av organisasjonsform for Alden hamneområde.

Berekraft:

Florø hamn KF skal vere ein pådrivar for meir miljøvenleg transport, og meir gods på sjø. Florø hamn KF skal i tillegg vere ein pådrivar og tilretteleggjar for nye framtidige energiberarar og transportløyningar. Florø hamn vil legge til rette for at Florø-regionen vert ein føretrekt stad (å etablere seg) for dei som vil utvikle grøn industri og næring.

HMS og medarbeidarar:

Dei tilsette i Florø hamn KF skal ha ein trygg arbeidsplass og alltid komme heim frå jobb med minst like god helse som når dei kjem på jobb. Brukarane av hamna skal oppleve Florø hamn som ei trygg, serviceorientert og sikker hamn der det er lagt rette for sikre og effektive arbeidsoperasjonar utan skade på personell, miljø og utstyr. HMS skal prioriterast på linje med forvaltning, forretning og berekraft, og der desse kjem i konflikt stillar HMS alltid først. Florø hamn KF skal vere ein attraktiv arbeidsplass der dei tilsette trivst i sin arbeidskvardag.

Prosess:

Hamneplanen er utarbeida av hamnestyret og hamnesjefen som arbeidsgruppe. Det har vert holdt open høyringsrunde. Hamneplanen er sendt ut på ordinær høyring før den er endeleg vedtatt av kommunestyret i desember 2020.

Hamneplanen er revidert første gang av hamnestyret januar 2023.